


### OMSORG



Det er når vi viser at vi bryr oss om andre med det vi sier eller gjer.

### TOLMOD



Det treng vi når vi må venta på noko.

### Å TA ANSVAR



Det er når vi tar ansvar for det vi gjer og passar på det vi har.

### MOT



Når vi torer å gjera noko som er bra (eller har lyst til), enda vi tykkjer det er litt skummelt.

### SJØLVKONTROLL



Når du bestemmer over det du gjer på ein positiv måte.

### Å VERA HJELPSAM



Det er når vi hjelper andre.

### SAMARBEID



Der er når vi klarer å jobba saman med andre for å få til noko.

### Å HALDE UT



Det er når vi held ut sjølv om vi har lyst til å gi opp.

### RESPEKT



Det er når vi viser omsyn til oss sjølv, andre, ting og del som bestemmer.

### TAKKSEMD



Det er når vi legg merke til og er glade for noko som skjer... og seier det.

### SJØLVTILLIT



Ha tru på at du er noko, kan noko og veit noko.

### MÅLRETTA



Ein som veit kva ein vil og planlegg kva ein må gjere for å nå måla.

### HUMANISME



Tru og handla ut i frå at alle menneske er er like mykje verd sjølv om dei ser forskjellige ut og meiner forskjellige ting.

### Å VERA ÆRLEG



Vilje til å seia det som er sant.

### INTEGRITET



Gjer det du sjølv er overtydd om er rett.

### HUMOR



Evne til å gjeda seg sjølv og andre med smil og latter.

### LÆRINGSGLEDE



Det er når vi likar å læra nye ting og veit korleis vi skal jobba for å få ny kunnskap.

### Å VERA NYSGJERRIG



Evne til å visa interesse for alt som føregår. Sjå ei sak frå fleire sider, eksperimentera og finna ut korleis ting fungerer.

### KREATIVITET



Det er når vi tenkjer nytt og finn nye og gode løysingar.

### LEIAREIGENSKAPAR



Det er når vi får andre menneske til å fungera godt, får til ting og har eit godt samspel.